Innlandet fylkeskommune

Samfunnsutvikling - Kommunal veiledning plan

Dato: 12.12.2023
Referent: Hanne Thingstadberget
Arkivreferanse: 2023/11798-15

# Møtereferat

**Til:** møtedeltakarar

---

## Referat Regionalt planforum 12. desember 2023

Tema:

## Områderegulering Vågåmo - orientering om status, aktuelle løysingar for sikringsprosjekt og orientering om status for reguleringa - Vågå kommune – Referat

Møtet ble avholdt på teams. Møteleder: Kristin Ryen Reithaug.

**Deltakarar:**

| | |
|---|---|
| Odd Erik Sveen | odd-erik.sveen@vaga.kommune.no |
| Pål Inge Sanden | pal-inge.sanden@vaga.kommune.no |
| Jan Egil Fossmo | jan-egil.fossmo@vaga.kommune.no |
| Ingunn M. Helland | ingunn.moen.helland@vaga.kommune.no |
| Line Brånå Bergum | line.brana.bergum@norconsult.com |
| Kristin Hasle Haslestad | krhh@nve.no |
| Arita Stene | arita.stene@dirmin.no |
| Gyda Austin | gyda.austin@vegvesen.no |
| Olav Malmedal | olav.malmedal@statsforvalteren.no |
| Runa Bø | runa.boe@statsforvalteren.no |
| Kjell Erik Kristiansen | kjell.erik.kristiansen@statsforvalteren.no |
| May-Tove Smiseth | may-tove.smiseth@innlandetfylke.no |
| Marte Hveem Igeltjørn | marte.hveem.igeltjorn@innlandetfylke.no |
| Kristin Ryen Reithaug | kristin.ryen.reithaug@innlandetfylke.no |
| Hanne Thingstadberget | hanne.thingstadberget@innlandetfylke.no |

**Områderegulering Vågåmo - orientering om status, aktuelle løysingar for sikringsprosjekt og orientering om status for reguleringa - Vågå kommune**

| | |
|---|---|
| **Bakgrunn** | Planarbeidet er utløyst av behovet for sikring av Vågåmo da tettstaden og kommunesenter ligg utsett til for flaum og flaumskred frå elvene Finna, Nugga og Otta. Bakgrunn for planoppstart er NVE sin moglegheitsstudie av heilskapleg sikring. Det er også eit mål å innarbeide hovudtrekka frå masterplanarbeid for stadutvikling i Vågåmo. Masterplanen har fått politisk tilslutning som eit grunnlag og ei rettesnor for vidare arbeid med utvikling av Vågåmo.<br><br>Målet med å melde saka opp i Regionalt planforum er å informere regionale og statlege instansar om status og aktuelle løysingar i sikringsprosjektet og planarbeidet. Det er stram framdriftsplan for sikringsprosjektet og planen og behov for mest mogleg forutsigbarheit i prosessen. Det var ikkje sett opp konkrete problemstillingar til møtet, da sikringsprosjekt/plan framleis er i tidleg stadium. Dersom det er tema/forhold instansane ønsker å følgje nærare opp m.o.t. å gi mest mogleg forutsigbarheit for prosessen, så kan det t.d. vere aktuelt å halde eigne møte med kommunen/NVE som oppfølging av regionalt planforum.<br><br>For sikringstiltaka skal områdereguleringsplanen ha eit detaljeringsnivå som direkte heimlar byggjeløyve og gjennomføring av tiltak utan krav om detaljregulering. For andre område der planen opnar for større tiltak/endringar, vil det vere nødvendig å setje krav om detaljregulering. Gjeldande reguleringsplanar innafor planområdet vil bli erstatta av områdeplanen der det er vurdert å ikkje vere hensiktsmessig å vidareføre dagens plan. Planprogrammet legg til grunn NVE sitt moglegheitsstudie og viser til to aktuelle inntakslokasjonar for flomtunnel. NVE har ved nærare utgreiingar forkasta tunnelalternativ med inntak ved Statnett. Det er i løpet av sommaren og hausten gjort ytterlegare grunnundersøkingar, og resultat av feltundersøkingane og konsekvensar i forhold til aktuelle løysingar blei presentert av NVE i planforumsmøtet.<br><br>Samanfatta vart følgjande element presenterte som foreslått løysing:<br>-Inntaksarrangement med sperredam<br>-Flaumtunnel<br>-Utløp i Vågåvatn vest for båthamna<br>-Vedlikehald av eksisterande sedimentstersklar<br>-Vedlikehald av eksisterande flaumverk<br>-Gjennomløp til Smedsmodammen<br>-Opne gamle elveløp i Finnas utløp mot Otta<br>-Kulpar, gytegrus, utforming av tersklar |
| **Merknader** | Presentasjonen i planforum var grundig og opplysande. Dette er eit omfattande planarbeid og kommunen blir rosa for prosessen så langt, samtidig er vidareføring av den gode dialogen viktig både lokalt og regionalt. |

| | |
|---|---|
| | Foreslåtte løysingar synest grundig, fagleg grunngive, og tek utgangspunkt i lokale forhold og nye klimatiske utfordringar, jfr. Hans hausten 2023.<br><br>Ønsket frå kommunen om eit kombinert møte/synfaring med Regionalt Planforum i Vågå t.d. i mai 2024 er notert. |